Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Formannskap/økonomiutval

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Formannskap/økonomiutval

Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	06.09.2018
Tid:	20:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

- Møtet startar når kommunestyret er ferdig.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 52/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 53/18	Skjenkeløyve - Nordbygdi pub- og bardrift AS	

Saker til handsaming

PS 52/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Seljord kommune

Arkiv: U63
Saksnr.: 2012/163-10
Sakshand.: Camilla Flatland
Direkte tlf.:
Dato: 28.08.2018

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	53/18	06.09.2018
Kommunestyret		08.11.2018

Skjenkeløyve - Nordbygdi pub- og bardrift AS

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Nordbygdi pub og bardrift AS - Søknad om skjenkeløyve på Fjellheim gnr. 45 bnr. 9
2 Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk - Nordbygdi pub og bardrift AS
4 Uttale frå sosialtenesta
5 Uttale til søknad om skjenkeløyve på Fjellheim i Seljord - Politiet
6 Skjenkeløyve inn til vidare - Nordbygdi pub og bardrift AS

Saksutgreiing:

Etter gjennomgang av skjenkeløyve til Nordbygdi pub- og bardrift AS 15.06.2018 ser ein at noko av søknaden frå 2012 er utegløymt, skjenkeløyve i kjellaretasje og terrasse fram om hovudbygning er ikkje tatt med.

Nordbygdi pub- og bardrift AS fekk i formannskapssak 31/12 løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3. 14. juli 2016 vart alle løyve gjeve fram til 30.06.2016 gjeldande inn til vidare. Rådmannen sendte 13.09.2012 epost med melding om delegert vedtak for skjenkeløyve. Dette er ikkje formelt riktig, da det ikkje har fått saksnummer i Seljord kommune sitt saks- og arkivsystem.

Politiet og sosialtenesta hadde ingen merknadar til søknaden.

Rådmannens tilråding er det sama som vedtaket i formannskapssak 31/12 med eit tilleggspunkt:

- Løyvet gjeld også for kjellaretasje i hovudbygningen og for eit klart avgrensa område på terrasse fram om hovudbygningen. Terrassen kan kun brukas når det er arrangement i kjellaretasje og Wassanas Thaimat AS skal være stengt.

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetting av alkoholhaldig dr4ikk m.v. §§ 1-6 og 1-7 (Alkohollova) og alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune får Nordbygdi Pub- og bardrift AS skjenkeløyve for alkohol gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin) på fylgjande vilkår:

- Alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent kan skjnekast til fylgjande tider:
  - I skjenkelokale: kl. 10:000 til kl. 02:00
  - I skjenkelokale ved slutta selskap: kl. 10:00 til kl. 03:00
  - Ved uteskjenking kvardag, sundag og høgtidsdag: kl. 10:00 til kl. 24:00.
  - Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 10:00 til kl. 02:00.
- Alkoholhaldig drikke med 22 volumprosent eller meir kan skjenkast til fylgjande tider:
  - I skjenkelokale: 13:00 til 02:00
  - I skjenkelokale ved slutta selskap: 13:00 til 03:00
  - Ved uteskjenking kvardag, sondag og høgtidsdag: kl. 13:00 til kl. 24:00.
  - Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 13:00 til kl. 02:00.
- Løyvet gjeld for fyrste og andre etasje i ein mindre bygning ved sida av hovudbygningen. For uteskjenking gjeld løyvet for eit klart avgrensa område på terrasse og uteareal fram om den mindre bygningen.
- Løyvet gjeld også for kjellaretasje i hovudbygningen og for eit klart avgrensa område på terrasse fram om hovudbygningen. Terrassen kan kun brukas når det er arrangement i kjellaretasje og Wassanas Thaimat AS skal være stengt.
- Det skal være eit forsvarleg vakthold for skjenkeområda iht til den einkvar tid gjeldande lovkrav.
- Styrar for løyvet et Jon Børge Slettebø
- Bevillingsgebyr for skjenking av alkoholhaldig drikke skal betalast etter "Forskrift av 8. juni 2005 nr. 538 om omsetting av alkoholhaldig drikk m.v."
- Løyveinnehavar skal uoppmoda sende inn oppgåve over omsetting innan 15. februar kvart år.
- Løyveinnehavar skal til ein kvar tid fylgje gjelande lovar med tilhøyrande forskrifter og Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune.
- Løyvet gjeld inn til vidare.

Utskrift til:

163/2012

Nordbygdi pub og bardrift AS
(www.fjellheimpuben.no)
V/Børge Slettebø
Nordbygdivegen 307
3840 Seljord

U63

Seljord 26. jan 2012

Seljord Kommune
Postmottak
Brøløsvegen 13A
3840 Seljord

SØKNAD OM SKJENKELØYVE PÅ FJELLHEIM GNR 45 BNR 9

Nordbygdi pub og bardrift AS (føretak under etablering) søkjer med dette om alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 på eigedomen Fjellheim gnr 45, bnr 9 i Seljord. Søknaden gjeld innafor dei maksimaltidene som er fastsett av kommunen. Opningstidene på verksemda vil måtte variere gjennom året etter det som er marknaden for slik verksemd.

Nordbygdi pub og bardrift AS blir stifta av desse personane

Rune Langen	Kasland 2, 3840 Seljord	281263
Jan Arne Puntervoll	Sigrid Undsetsgt 6A, 4021 Stavanger	070463
Jon Børge Slettebø	Nordbygdivegen 307, 3840 Seljord	271263

Selskapet er under etablering i Seljord kommune. Kontaktperson er dagleg leiar som treffast på e-post: post@fjellheimpuben.no, eller telefon 900 92 989.

Styreleiar i selskapet er

Jon Børge Slettebø	Nordbygdivegen 307, 3840 Seljord	271263

Dagleg leiar i selskapet er

Jon Børge Slettebø	Nordbygdivegen 307, 3840 Seljord	271263

Styrar for skjenkeløyvet vil vere:

Jon Børge Slettebø	Nordbygdivegen 307, 3840 Seljord	271263

Dagleg leiar har gjennomført og bestått *Etablerarprøve* hjå Næringsetaten i Seljord kommune men bevis for dette er enno ikkje motteke. Dagleg leiar har og gjennomført og bestått *Kunnskapsprøve* i alkoholloven m/forskr, men heller ikkje motteke bevis for dette enno.

Stedfortreder for løyvet:
Selskapet er under etablering og det vil bli tilsett Pubvert som vil vere stedfortreder for løyvet. Namn på stedfortreder og dokumentasjon på bestått *kunnskapsprøve* vil bli ettersendt.

Nordbygdi pub og bardrift AS leiger areal av Nordbygdi Invest AS (føretak under etablering) som er eigar av gnr 45, bnr 9. Stiftarane av Nordbygdi Invest AS er dei same som for Nordbygdi pub og bardrift AS. Verksemda ønskjer å nytte eigedomen slik:

- Hovudbygg 1. og 2. etasje. (Tidlegare nytta som bar og restaurant.) Planlagt nytta som kafé og restaurant. Det kan bli aktuelt at denne delen av eigedomen vert drive av anna selskap (som kafé og restaurant) og ein er merksam på at slikt selskap må søke eige serveringsløyve og eige skjenkeløyve om aktuelt.

- Hovudbygg underetasje. (Tidlegare nytta som diskotek/danserestaurant.) Nordbygdi pub og bardrift AS ønskjer å nytte arealet som danserestaurant/bar/diskotek **retta mot eit vakse publikum.** Det er planlagt eit avgrensa tal opningsdagar på denne delen, tilpassa den marknaden som finnast for slike arrangement i Seljord med t.d. intimkonsertar, levande dansemusikk, stand-up og liknande.
- Det raude bygget. (tidlegare nytta som pub). Planlagt nytta som pub/bar. 1. etasje vil framstå som tradisjonell pub/bar der ein ønskjer ein god møtestad for eit vakse publikum, og 2. etasje blir innreia med storskjerm for framsyning av ulike sportsarrangement, men vil og kunne nyttas i samband med intimkonsertar/visekveld/quiz eller liknande.

Søknad gjeld skjenking av alkoholhaldig drikk i dei eksisterande lokalar på Fjellheimtomta i Seljord. Det er tidlegare drive serverings- og skjenkeverksemd i dei same lokala. **Søknaden gjeld og skjenking på det avgrensa utearealet som tidlegare er nytta til dette,** og som er fysisk skjerma mot anna areal (torg/parkering) på tomta med beplantning/stakitt/gjerde. Dette gjeld terrasse framom hovudbygg, terrasse ved det raude bygget og på utearealet framom det raude bygget.

Med helsing

Børge Slettebø
Dagleg leiar

Seljord kommune

Nordbygdi pub og bardrift AS
Nordbygdivegen 307
3840 SELJORD

Att.: Børge Slettebø

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:	Vår ref	Sakshand:	Arkivkode:	Dato:
	2012/163-8	Per Dehli,35065103 per.dehli@seljord.kommune.no	U63	23.03.2012

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk - Nordbygdi pub og bardrift AS

Her følgjer særutskrift av formannskapet si sak nr. 31/12

*Vedtaket kan påklagast til **Seljord kommune.** Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen sitt utløp.*

Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnar du vil anføre for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje når denne meldinga kom fram.

Med helsing

Per Dehli
Rådmann

Kopi til:
Telemark politidistrikt postboks 47 3701 SKIEN

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Seljord kommune Rådmannen	**Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet)** (2) Dato 23.03.2012
(3)Mottakar (namn og adresse) Nordbygdi pub og bardrift AS, Nordbygdivegen 307, 3840, SELJORD	(4)Klageinstans Fylkesmannen i Telemark

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.

Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klage-instansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De gjeva opp datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ynskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. - Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gjeva nærare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	

Seljord kommune

Arkiv:	U63
Saksnr.:	2012/163-3
Sakshand.:	Per Dehli
Direkte tlf.:	35065103
Dato:	02.02.2012

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	31/12	15.03.2012

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk - Nordbygdi pub og bardrift AS

Saksdokument:

Søknad frå Nordbygdi pub og bardrift AS er unntatt offentligheit ihht. Offl. § 13 Jf. Fvl. § 13 nr. 1 da det inneheld personopplysningar. Dokumentet delast ut i møte.

Saksutgreiing:

Seljord kommune har motteke ein søknad frå Nordbygdi pub og bardrift AS om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk på Fjellheim i Seljord Sentrum.

Det er søkt om løyve til å skjenke alkoholholdig drikk gruppene 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin).

Kommunalt skjenkeløyve kan gis av kommunen dersom vilkåra i alkohollova er oppfylt. Det er særlig kapittel 1 – Alminnelige føresegner og kapittel 4 – kommunale skjenkeløyver som sier noko om kommunalt skjenkeløyve.

§ 1-7a omhandler kommunen si skjønnsutøvelse ved handsaming av søknad om løyve. Av denne paragrafen går det fram at kommunen blant anna kan legge vekt på talet på sals- og skjenkeplassar, plassen sin karakter, beliggenhet, målgruppe trafikk- og ordensmessige tilhøve, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet.

Av søknaden går det fram at skjenking vil gå føre seg i:

- ein mindre bygning ved sidan av hovudbygningen, der fyrste etasje er tenkt nytta som tradisjonell pub/bar og som ein møtestad for eit vakse publikum. Andre etasje vil bli innreia med storskjerm for framsyning av ulike sportsarrangement, men vil også nyttast i samband med intimkonsertar, visekveldar, kvis og liknande.
- eit avgrensa uteareal som er fysisk skjerma. Areala det søkast om er terrasse framom bygningen og på uteareale.

§ 1-7b omhandlar krav til vandel for løyveinnehavar og personar som har vesentleg innverknad på verksemda.

Seljord kommune har undersøkt vandel hos politiet, som bekreftar at det ikkje er noko som tilseier at løve ikkje kan gjevast.

I § 1-7c stillast det krav til styrar og vara for løyvet.

Av Søknaden går det fram at Jon Børge Slettebø vil vera styrar for løyvet. Han tilfredsstiller dei krava som lova set til styraren.

Det er enno ikkje utpeka nokon vara for løyvet. Seljord kommune må derfor ta atterhald om at det utpekast ein vara som vert godkjent av kommunen.

Av § 1-7 går det fram at kommunen skal innhente utale frå politiet og sosialtenesta før løyve blir gitt.

Politiet har ingen merknader til at det blir gitt løyve slik det går fram av søknaden og stillar seg positive til at det blir drift på Fjellheim igjen. Sosialtenesta har ingen merknader til at løyve blir gitt.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

Med heimel i Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetting av alkoholhaldig drikk m.v. §§ 1-6 og 1-7 (alkohollova) og alkoholpolotiske retningsliner for Seljord kommune får Nordbygdi pub og bardrift AS skjenkeløyve for alkohol klasse 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin) på fylgjande vilkår:

- Alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent kan skjenkast til fylgjande tider:
  - I skjenkelokale: kl. 10:00 til kl. 02:00
  - I skjenkelokale ved slutta selskap: kl. 10:00 til kl. 03:00
  - Ved uteskjenking kvardag, sundag og høgtidsdag: kl. 10:00 til kl. 24:00.
  - Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 10:00 til 02:00.
- Alkoholhaldig drikke med 22 volumprosent eller meir kan skjenkast til fylgjande tider:
  - I skjenkelokale: 13:00 til 02:00
  - I skjenkelokale ved slutta selskap: 13:00 til 03:00
  - Ved uteskjenking kvardag, sondag og høgtidsdag: kl. 13:00 til kl. 24:00.
  - Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 13:00 til 02:00.
- Løyvet gjeld for fyrste og andre etasje i ein mindre bygning ved sida av hovudbygning. For uteskjenking gjeld løyvet for eit klart avgrensa område på terrasse og uteareal framfor den mindre bygningen.
- Det skal etablerast eit forsvarleg vakthold for skjenkeområda.
- Styrar for løyver er Jon Børge Slettebø
- Løyvet er gitt med atterhald om at ein godkjent vara er på plass før skjenking startar opp.
- Bevillingsgebyr for skjenking av alkoholhaldig drikke skal betalast etter "Forskrift av 8. juni 2005 nr. 538 om omsetting av alkoholhaldig drikk m.v."
- Løyveinnehavar skal uoppmoda sende inn oppgåve over omsetting innan 15. februar kvart år.

- Løyveinnehavar skal til ein kvar tid fylgje gjelande lovar med tilhøyrande forskrifter og Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune.
- Løyvet gjeld til 30. juni 2016.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 15.03.2012

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 15.03.2012

Med heimel i Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetting av alkoholhaldig drikk m.v. §§ 1-6 og 1-7 (alkohollova) og alkoholpolotiske retningsliner for Seljord kommune får Nordbygdi pub og bardrift AS skjenkeløyve for alkohol klasse 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin) på fylgjande vilkår:

- Alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent kan skjenkast til fylgjande tider:
    - I skjenkelokale: kl. 10:00 til kl. 02:00
    - I skjenkelokale ved slutta selskap: kl. 10:00 til kl. 03:00
    - Ved uteskjenking kvardag, sundag og høgtidsdag: kl. 10:00 til kl. 24:00.
    - Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 10:00 til 02:00.
- Alkoholhaldig drikke med 22 volumprosent eller meir kan skjenkast til fylgjande tider:
    - I skjenkelokale: 13:00 til 02:00
    - I skjenkelokale ved slutta selskap: 13:00 til 03:00
    - Ved uteskjenking kvardag, sondag og høgtidsdag: kl. 13:00 til kl. 24:00.
    - Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 13:00 til 02:00.
- Løyvet gjeld for fyrste og andre etasje i ein mindre bygning ved sida av hovudbygning. For uteskjenking gjeld løyvet for eit klart avgrensa område på terrasse og uteareal framfor den mindre bygningen.
- Det skal etablerast eit forsvarleg vakthold for skjenkeområda.
- Styrar for løyver er Jon Børge Slettebø
- Løyvet er gitt med atterhald om at ein godkjent vara er på plass før skjenking startar opp.
- Bevillingsgebyr for skjenking av alkoholhaldig drikke skal betalast etter "Forskrift av 8. juni 2005 nr. 538 om omsetting av alkoholhaldig drikk m.v."
- Løyveinnehavar skal uoppmoda sende inn oppgåve over omsetting innan 15. februar kvart år.
- Løyveinnehavar skal til ein kvar tid fylgje gjelande lovar med tilhøyrande forskrifter og Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune.
- Løyvet gjeld til 30. juni 2016.

Utskrift til:
Nordbygdi pub og bardrift AS v/Børge Slettebø, Nordbygdivegen 307, 3840 Seljord

Telemark politidistrikt, postboks 47, 3701 Skien. (post.telemark@politiet.no)

Fra: Richard Vaaben Jensen (richard.vaaben.jensen@seljord.kommune.no)
Sendt: 02.07.2018 14:07:29
Til: Finn-Arild Bystrøm
Kopi: Camilla Flatland

Emne: VS: Skjenkeløyve
Vedlegg: image001.jpg

Med venleg helsing
Richard Vaaben Jensen
Koordinator for rusomsorg
Seljord kommune
Psykisk helse og rus
Besøksadr: Kapteinsgate 25 B
Postadr: Brøløsvegen 13 A
3840 Seljord
Tlf 35065135 / 99384425

Fra: BÃ¸rge SlettebÃ¸ [mailto:post@fjellheimpuben.no]
Sendt: 16. juni 2018 23:58
Til: Richard Vaaben Jensen
Emne: Fwd: Skjenkeløyve

Ser ut som om vi har mer orden i papirene og hukommelsen enn Seljord kommune

Børge

----- Original Message -----
From:
"Per Dehli" <per.dehli@seljord.kommune.no>

To:
"Børge_Slettebø_(post@fjellheimpuben.no)" <post@fjellheimpuben.no>
Sent:
Thu, 13 Sep 2012 08:49:56 +0200
Subject:
Skjenkeløyve

Melding om vedtak i Seljord kommune

Rådmannen har fatta delegert vedtak om at skjenkeløyvet til Nordbygdi pub og bardrift er utvida til å gjelde kjelleretage på Wassanas thaimat.

Per Dehli
Rådmann
Seljord kommune

Email sent via the Atmail Cloud - Create email accounts for your company or clients, use any domain, full branding capability.

Fra: Richard Vaaben Jensen[richard.vaaben.jensen@nav.no]
Dato: 03.02.2012 13:33:45
Til: Per Dehli
Tittel: SV: Emailing: GetDoc

Uttale til søknad om skjenkeløyve på Fjellheim gnr.45, bnr 9

Koordinator for rusomsorg har ingen merknadar til søknaden frå Nordbygdi pub og bardrift AS v/Børge Slettebø, om skjenkeløyve gruppe 1, 2 og 3 på Fjellheim i hovudbygget 1. og 2. høgda og under etasje samt tilhøyrande uteareal og i det raude bygget i 1. og 2. høgda samt tilhøyrande uteareal.

Dersom deler av komplekset vert drive av ein anna selskap, må det søkjast om eiga løyve for dette. Løyvet til Nordbygdi pub og bardrift AS vil då falle bort i dei same godkjende skjenkeområder.

Richard Vaaben Jensen
Koordinator for rusomsorg.

Fra: Per Dehli
Sendt: 27. januar 2012 11:03
Til: Torodd Aase (torodd.aase@politiet.no); Richard Vaaben Jensen; torodd.aase@live.no
Emne: Emailing: GetDoc

Ref. Tidlegare e-post om serveringsløyve til Nordbygdi pub og bardrift AS

Det er også søkt om skjenkeløyve, og eg ber derfor om ei utale angåande denne søknaden også.
Antar at staus på vandel er den sama, men ynskjer i tillegg utale om verksemda når det gjeld skjenking.

Mvh
Per Dehli
Rådmann Seljord kommune

POLITIET

Seljord kommune
3840 SELJORD

Dykkar referanse	*Vår referanse*	*Dato*
	2012/00355-1	06.02.2012

Uttale til søknad om skjenkeløyve på Fjellheim i Seljord

Følgjande personar er vandelsjekka:

Rune Langen fnr. 281263	-	ingen merknader
Jan Arne Puntervoll fnr. 070463	-	ingen merknader
Jon Børge Slettebø fnr. 271263	-	ingen merknader

Alle tre har utvist uklanderleg vandel i forhold til alkohollovgjevinga og anna lovgjeving, som har samanheng med alkohollovens formål.

Lensmannen ser på det som positivet at det blir drift på Fjellheim igjen.

Med helsing

Torodd Aase
lensmann

Seljord kommune
Avdeling for
psykisk helse og rusarbeid

Richard Vaaben Jensen
Koordinator for rusomsorg

Seljord 14.07.2016

Nordbygdi pub og bardrift AS
v/ Børge Slettebø
Nordbygdivegen 308
3840 Seljord

Løyve "inn til vidare".

Med heimel i Alkohollova § 1-6, som gjeld løyveperiode, har kommunestyret vedteke å endre Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune punkt 6.2 til:

> *"Løyve, når det ikkje er tale om ambulerande løyve, vert gjeve inn til vidare.*
> *Ved endringar i driftskonsept, innreiing av lokale, eigarskap m.v. må det søkjast om nytt løyve."*

Dette inneber at alle sals- og skjenkeløyver i Seljord kommune, som er gjeve fram til 30.06.16, nå er gjeldande "inn til vidare".

Løyvehavarane plikter, nå som tidlegare, til ein kvar tid å ha godkjend styrar og stedfortredar for verksemda.
Alle endringar i driftskonsept, eigarskap m.v. krev nytt løyve.

Dykkar løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 , 2 og 3, gjeve i Formannskapsak 32/12, er med dette gjeldande inn til vidare.

Med venleg helsing

Richard Vaaben Jensen.
e.f.

Kopi til:
Politiet
Securitas

Postadresse: Brøløsvegen 13 A 3840 Seljord
Besøksadresse: Kapteinsgate 25 B
Konto: 2711 07 10777
Telefon: 35 06 51 35
Mobil: 99 38 44 25
Faks: 35 06 51 10
Org. nr. 964 963 738
E-post: richard.vaaben.jensen@seljord.kommune.no
Internett: www.seljord.kommune.no